

Aud Slettehaug

Berrvellene 7

6817 Naustdal

Naustdal 31.12.2021

Til Inntektsutvalet for jordbruket

Innspel frå mjølkeprodusent, økonom og dagleg leiar for kompetansenettverk lokalmat Vest.

Med mi etter kvart så breie erfaring innan norsk mjølkeproduksjon, internasjonal erfaring og utdanning innan økonomi, leiging og marknad vil eg stille utvalet dei spørsmåla eg sjølv ikkje klarer å slå meg til ro med. Eg støttar elles det #bondeopprøret har sett søkelys på i 2021 og deira moment kjem i tillegg til det eg skriv om her. Elles gjeld auka pris som tiltak for auka inntekt i eit kvart selskap, men bonden har ikkje dette verkemiddelet sjølv.

Eg meiner at det innanfor området skatt, nedskrivning og frådrag er det gode moglegheiter for å få fleire av problemområda for tilstrekkeleg overskot frå råvareproduksjon forbetra. Bonden må kunne få til godt nok overskot i kvar enkelt forretningsområde. Den eine produksjon skal ikkje subsidiere ein anna. Ein auke i råvarepris er nok uungåeleg så eg let den ligge – det må komme i tillegg uansett slik situasjonen er ved utgangen av 2021. Bonden sine føresetnader for å komme ut med positivt overskot kan ikkje likestillast frå år til år basert på gjennomsnitt, til det er driftsforutsetningane så ulike frå bonde til bonde sine grunnlag at det må verkemiddel over tid til for å klare den oppgåva. Tine sine eigne dekningsbidragsgranskingar kan gi innblikk i dette.

Vi kan endre dette og komme oss over i endra spor, men er krevjande fordi ein då må differensiere i skattepolitikken. Her gjeld likheit for lik næring no, dermed fell bonden mellom alle stolar og samfunnet taper eigen matsikkerheit.

Difor må alle verktøy på bana snarast skal vi komme i mål, dette lange innspelet er eit forsøk på å stille alle dei spørsmåla og momenta eg sjølv ser som mjølkeprodusent og i rolla som rådgivar i næringa. Spørsmåla vil nok drukne i nettopp prinsippet om likheit i landbruket og næringar generelt – det lyt partane ta eit generelt oppgjør med. Landbruk er ikkje landbruk, ein bør klare å differensiere det meir. ENK som selskapsform er lite eigna for volum og høg risiko.

Fokus vidare i notatet her vert på mjølk min gard driv med, men i tillegg har vi fisketurisme og skog/hjort. Dei to siste inntektene våre har gjort at vi over dei siste åra har kunne investert mjølkeproduksjonen på vårt bruk, hadde vi ikkje hatt inntektene frå lakseturismen særleg så hadde vi ikkje klart å halde driftsapparatet som skal til for denne produksjonen. Nytt bygg har blitt utsett mange gonger alt og vi vurderer det no som heilt uaktuelt at andre inntektskjelder skal sikre driftsgrunnlag for ein råvareproduksjon av mjølk. Investeringane står i kø i takt med krava i åra som kjem. I lag med auka kostnader er exit beste økonomiske strategi for oss rundt 50 år. Slik er det for dei fleste – vi har akseptert at det er slik, men mjølka vil ikkje bli med vidare om vi ikkje klarer å endre dette, og det må endrast raskt elles vil produsert mengde mjølk i Norge gå ned totalt sett vesentleg. Er samfunnet klart for det?

Primærproduksjonen av mjølk og kjøt står overfor enorme utfordringar i heile landet, samtidig som vi kanskje har verdast beste forutsetningar for å drive med denne produksjonen over heile landet. Då er det dumt at vi med vår eigen skatt og avgiftspolitikkk kanskje kunne gitt betre forutsetningar for at fleire vart med vidare om vi hadde klart å differensiere både kvalitet i råvareproduksjon og ulik driftsmetode. Ryk min produksjon, ryk også 2,4 årsverk utanfor mitt bruk. Klarer vi ikkje å løyse denne utfordringa no så faller denne bærebjelken i norsk matproduksjon fullstendig saman.

I oppdraget til inntektsutvalet står det: «Det er fundamentale forskjeller på å være privat næringsdrivende og lønnsinntaker. Jordbruksnæringen må investere kapital for å produsere og generere inntekt. Over tid har arbeid vært erstattet med kapital og jordbruket har inntil de siste årene hatt god produktivitetsutvikling.»

Inntektsutvalet bør i denne sammenheng gå grundig inn og også samanlikne ENK næringsdrift opp mot andre ENK bedrifter det er naturleg å samanlikne seg med. Når bonden drenerer jorda si for eks., så vert den arbeidsinnsatsen utført i år 1 og effekten varer over 7-10 år. Bonden får ikkje aktivert denne innsatsen og i tillegg er den som oftast på leigd jord. Men bonden får det att i auka dekningsbidrag pr årskyr og auka overskot på drifta (meir og betre grovfôr) – overskotet skattar han for kvart år. Ein grasbonde med stort areal og mange skifter har såleis meir kostnader på arealet enn ein bonde som minimaliserer grasarbeidet sitt ved å slå det han får tak i og kompensere dette med høgare andel kraftfôr. Kapital henta frå overskot i primærproduksjon bør bonden sleppe å skatte av overskotet av. Det gjer han i dag. Det finst i dag ingen økonomiske tiltak i skattepolitikken som favoriserer kvalitet i grovfôravlinga – snarare tvert imot. Lar denne henge.

Vidare står det i oppdraget: «Næringsinntekt fra jordbruket utgjør et varierende bidrag til inntekten i jordbrukshusholdningene. Det er over lang tid dokumentert betydelig inntektsvariasjon i jordbruket, både fra år til år, og mellom enkeltforetak, også mellom enkeltforetak med likeartet produksjon og produksjonsforutsetninger.»

Jordbrukshusholdningen – dette begrepet bør avskaffast. Kor elles i samfunnet har eit ENK selskap med eit areal knytt til seg, en PC og maskinpark blitt avhengig av partner si inntekt for å berekne totalinntekta for å betjene lån til maskinpark og drift? Bonden må få frislepp frå fortida sine flikkingar og nye ark å stå på. Landbrukseigedom i drift er ikkje ein fordel i dag, det er eit gedigent ansvar som samfunnet bør gi langt høgare verdi. At partner si inntekt skal avgjere om du er investeringsdyktig for ny driftsbygning er i seg sjølv umyndiggjerande – både bank, stat og rådgiving bør ta eit oppgjør med denne formelen. Dersom råvareproduksjonen i Norge er avhengig av at bonden sitt øvrige hushald er sysselsett utanfor bruket, avhengig av sambuar si inntekt for å realisere låneforpliktelsar/kapital, eller andre inntekter til sin råvareproduksjon har Norge som samfunn eit alvorleg problem kva gjeld sjølvforsyning av mjølk og kjøt. Bonden må sjølvstakt ha ein driftsplan som gir han inntekt, men kan ikkje måtte vere avhengig av andre for å halde dritsapparatet sitt gåande. Dette momentet kjem #bondeopprøret sitt innspel inn på - ein bonde må kunne jamnstillast og ha inntekt frå jordbruk som fri personinntekt.

Likeartet produksjon - likt svar under faste kostnader vil ein aldri få i landbruket i Norge – det vil alltid komme ein storm, alltid vere ei hofte som skal opererast eller eit dødsfall i familien. Det vil alltid vere eit leigd areal som fell vekk eller eit samarbeid om maskiner som må endrast på. Den faste kostnadsstrukturen for ein landbruksproduksjon er ikkje straumlinjeforma som for så mange andre bransjar ofte er. Dermed kan eit dekningsbidrag på 38 000 pr årskyr vere lønnsamt/gi overskot for ein bonde, men underskot for ein annan. Difor må Landbruksforetak få lov til å ha denne variasjonen, når bonden vert skatta på toppen og ikkje får kompensert for «uår» (får berre delvis kompensert), vert fråteken pensjonspoeng under middeldrift (drift i null) så vert dette risikosport og exit vert strategien for mjølkebodne2021. Slik kan vi ikkje ha det lengre dersom målsetting er sjølvforsyning.

Næringsinntekt frå jordbruk – kan inntektsutvalet difor sjå på om ei større differensiering i tiltak inn mot dei ulike produksjonane vil gi utslag i betre føreseieleg inntektsmåling og at framførbart underskot kan verte kompensert over lengre tid enn i dag. Men gi pensjonspoeng på inntekt der arbeidsmengda ved framskaffing av volum råvare er store nok og underskot skyldast faste kostnader (avskrivning) eller uforutsette/pålagt vedlikehald. Produktutvikling får skattefunnmidlar i andre næringar, kunne bonden fått si ordning for utviklingsarbeid eller betra HMS.

Låg avskrivning på bygningar påverkar faste kostnader, dette er både ei ulempe og ein fordel – for drifter som går godt har godt overskot, hatt to generasjonar før ein som har opparbeida areal og

gode forutsetningar for vidare drift vil låg avskrivning over år føre til at ein dreg med seg eksempelvis 2 mill i avskrivningar på utfasabygg inn i framtida. Gjeld nedbetalt. I ein investeringsfase for å stette krava til 2024 og 2034 hadde det vore fint for mjølkebonden å kunne avskrive dette med 20% dei siste 3 åra før innflytting i ny fjøs. Hadde denne bonden fått auka avskrivningar utan å tape jordbruksfrådrag og kanskje også fått sett av overskot i fond ville kapitalkostnaden til bonden vorte vesentleg forbetra. Dette let seg avsjekke ved å undersøke mjølkebruk i denne situasjonen. Viser elles til oppgåvre frå NHH og nåverdiberkeningar av investeringar mjølkebruk i vestland.

Staten er bekymra for at nok skatt ikkje vert betalt og for store fordelar for ENK landbrukseigedommar som får skatteletter utan å produsere nok råvarer – ei enkel sak for staten å differensiere driftstypar etter ønska produksjon. Stimulere og justere over dei neste 10-20 åra.

Bondeorganisasjonane er bekymra for medlemmane sine generelt og skal ikkje gi nokre fordelar framfor andre – her må organisasjonane no sette foten ned og også differensiere på ulike typar næringar, ei medlemsutfordring internt – spesialisering av tiltaka før ein tipper utfor stupet med veldig mange.

Utvalet har som første punkt fått i oppdrag å sjå på muligheiter og begrensingar i bøndene sine inntekter – eg vil i det vidare konsentrere innspelet retta mot 37% av mjølkeproduksjonen i Norge som fortsatt er i bås fjøs. Det er over 7 000 mjølkebruk og pr i dag er einaste moglegheit for dei resterande 4 000 svært få alternativ. Vi kan komme ned i 3500 mjølkebruk i Norge innan få år. (Nibio, 2020) Dei fleste vurderer ikkje ein gang mjølkestall som reelt alternativ. Arbeidsmengda og fritidsbehov samanlikna med andre grupper vert ikkje gode nok. Dei fleste av desse mjølkebruka vil nok legge ned om ikkje vesentlege faktorar ved inntekter, skatt eller andre framtidsutsikter vert endra på. Lønnsomheit også utan mjølkerobot i lausdrift bør kanskje få lov til å vere eit alternativ – først og fremst vert 2034 ei begrensing for bonden som ikkje alt har investert. Utvalet bør få fram begge driftsformene sine moglegheiter ikkje berre robot. Beitebruk i dag viser ikkje igjen i inntektsgrunnlaget til referansebruka – kan beite og dyr sin evne til å hente førenheiter sjølve bli med inn i framtid eller bør ein sjå vekk frå beitebruk i norsk mjølk i framtida? Spørsmålet tåler å verte stilt no.

Konsekvensane vert store for norsk mjølk i åra som kjem om ikkje desse spørsmåla vert utreda – og dei som er att vil verte avhengige av å utnytte kyra mest mogeleg til mjølking. Landskapspleie og kulturlandskap vert taparen. Inntektsgrunnlaget og evna til å produsere overskot slik at ein kan prioritere ei etisk nok god drift må også kunne vere med inn i framtida.

Derfor kan vi blant annet takke kyr og geiter for at Norges kulturlandskap holdes i hevd med alle de godene det medfører.

Ein diskusjon som også vert reist i mange andre land no. Nokre land har ikkje ein gang krav om lausdrift.

Forslag til moment å sjå på:

1. Moment i høyringa frå 2016 om skatteordningar for landbruket.

I 2016 var det gjennomført ei høyring om endringar i skatteordningar for landbruket. Her var mellom anna forslag om % sats på jordbruksfrådrag som ikkje vart gjennomført – det bør vurderast på nytt.

Ein bør gå gjennom mjølkebruk 15-25 mjølkekyr i båsfjøs og nedbetalte driftsbygg og sjå på om ikkje desse hadde komme vesentleg betre ut over dei siste 3åra skattemessigt dersom forslaget frå dåverande regjeringa hadde vorte gjennomført. Overskotet og ope tak på landbruksfrådraget hadde gitt bonden som MÅ bruke 2 årsverk heime på garden/råvareproduksjonen, gitt eksisterande pris på råvare og utan anledning til å ta arbeid utanom, eit langt betre utgangspunkt til å bevare kapitalen/overskotet i eiga bedrift og til framtidige investeringar. I staden har desse bruka sine overskot blitt fanga i årleg skatt sjølv om all kapital er blitt brukt internt same året. Overskotet av god drift har blitt skatta kortsiktig endå bonden investerer same kapital langsiktig. Det «tvinger» denne type bønder ut av næringa, eksternalitet som ikkje kom fram i høyringa den gang.

Eg meiner inntektsutvalet lett kan ta tak i dette punktet og belyse investeringsevna til desse bruka om dei hadde fått ein skattelette tilbakeført til 2017. I staden har taket på jordbruksfrådraget for desse bruka gjort at dei i dag blir «tvinga» inn i ein exitstrategi heller enn investering og utvikling. Desse bruka er også overrepresentert som referansebruk. God personinntekt.

Utfallet av høyringa i 2016 der mellom anna Norges Bondelag så sterkt motsa tiltaket med % sats for jordbruksfrådraget og ikkje tak på det, har i dag fått eksternalitetar som næringa sjølv ikkje klarte å sjå kunne vore ein fordel og gitt ein heilt annan situasjon spesielt for mjølkebruk. Den gang var det auke i tal bruk med underskot og ein var redd for at arbeid utanfor bruket ikkje skulle inngå i næringsinntektsgrunnlaget. Tilleggsnæringar som reiseliv, jakt, fiske, kraftverk osv har gått veldig godt desse åra, medan kostnader i primærproduksjonen har gått opp. Dermed hadde primærproduksjonen trengt denne skatteletten, medan bonden godt hadde klart å skatte for inntekter på tilleggsnæringa. I staden har det blitt slik at inntekter frå tilleggsnæringa no vert avgjerande for bruket totalt sett og for samfunnet vert bonden si tilleggsnæring og even til slik inntekt ein faktor for sjølvberging av råvarer. Skattebelastninga på 46% på heile næringsinntekta i ENK og taket på jordbruksfrådraget er hard å bære for dei med overskot og behov for kapital til investeringar i ein del av produksjonen.

Bonden brukar i tillegg alt av overskot inn att i garden til for eks dyrking, grøfting og maskintimar utan å kunne sette dette arbeidet av til aktiva i selskapet. Eit AS som bygger ein ny lagerhall får hallen aktivert, ein bonde som grøfter og drenerer leigd jord på 70 mål får utgiftsført diesel og såkorn, men ikkje timane for det. Arbeidet vert ikkje aktivert slik som ved bygging av ein lagerhall. I staden skattar bonden av overskotet han skulle ha hatt for å dei ekstra timane han brukte på arbeidet. Komplisert. Men eg er sikker på at tek ein ut eit par eks. på dette, går tilbake 3-4 år og gjer om rekneskapa til desse ENK selskapa i jordbruk og samliknar med entreprenøren sit ENK selskap så vil ein finne kor galt dette slår ut for jordbruk. Endring her vil gi gevinst og betra investeringsevne for desse bruka. Overskot bør også kunne settast av i fond til framtidige investeringar i for eks drenering og ikkje måtte skattast fullt ut først.

2. Den investeringsvillig bonden med båsfjøs 2021 – gi han moglegheiter

Eksempelvis ein bonde brukar diesel, arbeidstid, innleigd maskinkraft, kjøper rør og legg grøfter. Tid på oppjustering av gamal eng eller fornying. Betre drenering gir også god klimaeffekt, betre karbonbinding i jorda og betre avling. Dette tek han over drift, utgiftsføre det i løpet av året. Inntektene er målt i kg mjølk og kjøt, det er lite avskrivning på bygning og utstyr, bonden har lite lån. Men båsfjøs med 16 kyr, plass til 4 til om han leiger litt kvote. Oksar og framføring av alle kalvar i forsøk på å auke inntektene, sjølv om han ikkje har areal til dette. Aukar opp kraftförmengda i mjølkeproduksjonen for å klare det. Han vil bygge nytt, har fått tak i noko kvote, skal leige meir. Målet er 30 årskyr, ny fjøs og nok areal. Det går bra, inntektene ligg over snittet i referansebruket. Ein traktor til vert kjøpt inn dette året, brukt, halvparten betalt kontant, resten auka lånet bitte litt i banken.

Inntektsgrunnlaget gir maks utteljing – bonden får betalt skatten sin, likviditeten er botnskrapa ved årsslutt, men pytt, ein klarar å betale mva i mars når jordbruksoppgjæret kjem i februar.

Skatteetaten melder:

3 Personinntekt

Jordbruksfradraget skal ikke redusere grunnlaget for beregning av personinntekt.

Han oppnår fullt jordbruksfrådrag (tak fastset i 2017, justert i 2019, auka kr sum 3000 i 2021) på inntekta si, næringsinntekt og personinntekt gir maks skatt. Dette lovar godt. Men her kjem men'et – er det rett at dei pengane han har fått til i overskot, 600 000 som personinntekt, skal skattast som personinntekt når dei er brukt til investeringar og tiltak i drifta? Desse pengane spyttar han inn i drifta at, tek dei ikkje ut til tant og fjas. Omtrent alt går inn att i arbeid med drenering av jorda, 300 000 i traktoren, og ferie hadde han uansett ikkje tid til. Det vart ei utflukt til ein konfirmasjon og ein moltetur + jakta ei veke på hausten. Nok det. Huset er nedbetalt og godt i stand, han har ikkje behov for noko nytt dette året. Kanskje neste år. Skal denne bonden ut med 46% skatt på personinntekta då? Eller burde han fått pensjonspoenga for god drift, kunne tatt ut 200 000 til privat forbruk og fått behalde kapitalen på 400 000 skattefritt i selskapet. Evt betalt 22% næringssskatt på overskotet som i eit AS av dei 400 000 og fått lov til å aktivert det i selskapet slik andre næringsdrivande kan?

Mot 2034 for mjølkebruka i Vestland:

Ein tredjedel av mjølkebønder2021, vurderer at det er urealistisk å fortsette etter 2034. Ein tredjedel har bygd nytt – driv nokre med underskot og avdragsutsetting første åra. Kjem seg kanskje opp i jordbruksfrådrag med andre inntekter frå skog, fiske, jakt, utleige av hytter. (Slik sett korrekte og godt tenkt av Bondelaget i 2016 at også desse måtte få nytte av jordbruksfradraget, forslaget den gang ville sett lausdriftsbønder med underskot på råvareproduksjonen i ein vanskeleg situasjon ja). Men då kjem spørsmålet: Skal det vere slik at jordbruksfradraget først og fremst vert aktivert ved andre produksjonar i ENK'et? Er ikkje dette å lure seg sjølv? Viser kor sårbart dette systemet har blitt etter kvart.

Den siste tredjedelen er dei som har nedbetalte driftsbygningar rikeleg med areal, har råd til avløyser i fjøset og sjølve har turnus i for eks nordsjøen. Der går det veldig bra. Men det går berre bra inn til dei må bygge nytt – og no nærmar det seg det tidspunktet.

Driftsgranskingane har nok hatt med seg for mange av den siste 3-delen av mjølkebruk. Det ser tilsynelatande bra ut. Ved høyringa i 2016 fekk dei med inntekt utanfor primærproduksjonen dermed for mykje vektning og måtte vernast, kom ikkje opp i jordbruksfrådrag dersom BERRE primærproduksjonen skulle med i berekninga av jordbruksinntekt. Nedskrivningane vart for høge og låg prosent der vart avgjerande for både personinntekt og jordbruksfradraget. Låg avskrivning bergar ingen på lang sikt. Det er ein kostnadsdrivar ja – og gunstig med lang avskrivning når ein har «billeg» kapital. Men når kapitalen er så pass dyr i form av mengde kapital som må til, renter som vil gå opp og risikofull på andre måtar som i dag, så vil vi berre få problem og mindre produksjon i åra som kjem dersom avskrivning bonden har ikkje kan bli lik med andre næringar. Utvalet bør vurdere kva ulemper og fordeler den låge avskrivninga i landbruket utgjør for lønnsomheit til landbruket.

3. Personinntekta til bonden må bli utrekna på ein betre måte og bonden må faktisk kunne ha desse inntektene til fritt bruk ikkje som ein del av kapitalen i drifta.

Skal vi komme i mål må overskot frå jordbruksinntekt kunne inngå som aktiv kapital i drifta utan å først bli skatta som personinntekt. Bonden må kunne få eit stort nok fritak for denne kapitalen og fortsatt oppnå pensjonspoeng av overskotet. Dette er ei rekneøving som enkelt bør kunne gjennomførast for råvareproduksjonar dersom vi skal ha primærproduksjon av mjølk og kjøtt i Norge. Tiltaket hastar.

Våge å differensiere skattetilaka til produksjonsmetode.

Tilleggsnæringar vil ikkje ta skade av dette, for ysting av eiga mjølk, turisme osv. kan bonden enkelt opprette eit AS for denne drifta. Foredlar ein all mjølka vert den samla inntekta stor nok til også å få jordbruksfradrag ENK sel mjølka til AS. AS har så mange andre fordeler ved desse produksjonane at ein vel å skille dei frå, gjennom forskrifter kan ein lett justere denne drifta som råvareproduksjon og ikkje skape ulemper for prioriterte tilleggsnæringar. Fleire råvare som hjorteviltet bør få komme inn under ordningane – hjorteviltet og utmarksnæringar ferskvassfisk for eks. Jordbruksfradraget utan tak bør difor rettast inn mot gras, korn, grønnsaker og fukt, grovfôr råvarer, energi og primærproduksjon. Tak på jordbruksfradraget kan enkelt differensierast på produksjon om det er best.

Og for all del – ikkje rør skogen og ordningane der. Ein må no klare å differensiere drifta internt i landbruket. Kvar avdeling må ha si ordning og lønnsomheitsfokus i kvar enkelt produksjon. Skog skal ikkje finansiere driftsbygning. Skogdrifta skal gi overskot og generere ny skog, ny planting og drift med overskot på gitt areal. Lønnsomheit i kvart enkelt område – det er ikkje slik lengre at traktoren kan nyttast i skogen også og dermed skaffe litt inntekter her og der. Då er det småbruk som kan definerast som småbrukdrift – med fortsatt tak på jordbruksfradrag og forenkla føringar slik ein har i dag. Ikkje øydelegge for dette sjølv om ein legg til rette for volum og lønnsomheit i fokuserte produksjonar.

Bondens evne til å behalde meir av overskot over drift til framtidig investeringar bør styrkast.

Inntektsutvalet bør sjå på om skatten bonden betalte av den kapitalen han sette inn att i drifta si har vore for høg dei siste åra. Burde han ikkje kunne latt vere å «ta» som personinntekt. Ja han kunne valt å bruke det på bubil og nytt skiutstyr – men av rekneskapen så ser ein jo at desse pengane har blitt brukt aktivt, ikkje tatt ut til forbruk.

Som ENK må bonden svare skatt også for jordbruksfradraget (skatteetaten), Det bør ligge ei moglegheit i dagens system slik at fleire mjølkebønder med overskot og behov for investeringar på garden over dei neste åra kan få brukt pengar på investeringar fram i tid i staden for å måtte skatte for dette overskotet fullt ut som personinntekt det året overskotet vert tent inn. (investeringar i bygg er det ei viss ordning for i dag – men på langt nær god nok – tre år avsetning til skattefradrag er ikkje lang nok tid i dag).

Tanke: det rett at bonden sjølv må prioritere personinntektene sine til vedlikehald og ta risiko ved auka kostnader av sitt eige overskot. Driftsgranskingane ser ut til å anta at dette overskotet går til privat forbruk – kunne vore kjekt å fått vite det faktiske talet frå dei bruka og kor mykje som går tilbake til investeringar i jordbruksdrifta. Og kan det kartleggast kor stor kapital (alt skatta av) som har gått inn att i råvareproduksjonen totalt.

Til slutt: Bør ikkje dette skattetrykket etterbetalast til bruk som har moglegheit for å bygge om til 2034 drift?

Kjelde: Notat Høyring skattesystem for landbruket 2016.

30% av alle bønder når ikkje i jordbruksfradraget pga underskot i drifta, frå notatet kan vi lese:

få maksimalt fradrag fra og med 2012.


I tabellene ovenfor er det korrigert for at færre jordbruksbedrifter vil nyte godt av jordbruksfradraget i 2018 og 2019 som følge av den årlige nedgangen i antall jordbruksbedrifter. Det er også korrigert for at inntekten per jordbruksbedrift i gjennomsnitt er beregnet å gå ned fra 2017 til 2018 og opp fra 2018 til 2019 i registrerte regnskaper, og tilsvarende korrigert for først inntektsoppgang og så nedgang igjen i normaliserte regnskaper. Ved beregningen er det ikke tatt hensyn til eventuelle tillegg ved jordbruksoppgjøret i 2019. Skattemeldingsdataene for 2017 viste at om lag 25 prosent av jordbruksbedriftene med jordbruksfradrag hadde over 334 289 kroner i jordbruksinntekt, og ikke oppnår økt jordbruksfradrag ved en inntektsøkning til 2018 og 2019. I 2017 hadde 33 prosent av dem som ellers kunne oppnådd jordbruksfradrag, ikke fradrag fordi jordbruksinntekten var negativ. Totalt hadde om lag 41 prosent av jordbruksbedriftene en jordbruksinntekt mellom 1 og 334 289 kroner, og de fleste av disse vil oppnå en effekt på 38 prosent. Om lag 24 prosent av en inntektsøkning per jordbruksbedrift vil gi grunnlag for økt fradrag i 2018 og i 2019.

I resten av utredningen er virkningen av inntektsfradraget ikke innarbeidet.

For mjølkebruk har vi frå 2014 fått presentert denne tabellen:

Hvordan få økonomi til å bygge fjøs?

- Det «normale» er at det er den økte produksjonen som finansierer investeringen.



	Før bygging		Etter bygging
Inntekter (inkl. tilskudd)	2 000	Inntekter (inkl. tilskudd)	3 000
- Variable kostnader	700	- Variable kostnader	1 050
= Dekningsbidrag	1 300	= Dekningsbidrag	1 950
- Faste kostnader (inkl. avskrivninger)	900	- Faste kostnader (inkl. avskrivninger)	1 350
= Driftsoverskudd	400	= Driftsoverskudd	600
- Renteutgifter	100	- Renteutgifter	340
= Nettoinntekt	300	= Nettoinntekt	260
+ Avskrivninger	100	+ Avskrivninger	550
- Avdrag	140	- Avdrag	550
= Privat, skatt og sparing	260	= Privat, skatt og sparing	260

Å ta risiko her og investere i nytt bygg, neppe freistande for dei fleste.

Økte inntekter i første ledd ville ha redda mange produksjonar, men skal ein få til det må volumet opp. Dekningsbidraget pr årskyr vert det prata lite om i desse sitata. Greit nok å få meir peng på konto av høgare volum, men slett ikkje sikkert at bonden klarer eit DB tilstrekkeleg for drift godt nok til inntekter som gir tilstrekkeleg personinntekt til å leve av. Risikominimering kan oppnåast ved også å auke inntekter for første 100 000 liter høgare enn dei siste literane til 800 000 liter mjølk.

Tine-direktør Johnny Ødegård forsvarer volumutviklingen i norsk jordbruk. Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

Konserndirektør Johnny Ødegård i Tine sier at volum er en viktig del av utviklingen i landbruket.

– Volum og inntekt henger sammen. Folk undervurderer betydningen av å ha et høyt volum for å være konkurransedyktig slik at kostnadene kan fordeles på et større volum. Volumsatsingen er derfor viktig for å sikre lønnsomheten i næringa, sier Ødegård til GD.

Då gløymer ein i dette sitatet å ta stilling til auka arbeidsmengde også fyljer auka volum.

Det er ikkje berre dei minste bruka som må gi seg, det vil gå med fleire større produksjonar også. Toler Tine råvare å gå ned 200 000 millionar liter mjølk frå jan 2025? Kurven viser trenden vi er på veg mot, med ferre som klarer investeringane framover vil antal bruk vere kraftig redusert om få år.




Fig. 1. Dairy farms with AMS in Norway 2000–2018.
Source: NMSM, 2019; Statistics Norway, 2019

Inntektsmoglegheiter og utsikter for bonden må vere progressiv, no er den det motsette som vi er inne i altså ei progredierande trend, sjukdommen skrider fram. Ein står vingeklippa tilbake og har berre ein moglegheit - høgare volum som betyr høgare kostnader totalt og usikkerheit om ein får kontroll på dei over tid. Kor høg risiko ein er villing til å ta og grensa for å ha akseptabel inntekt har vore eit belastande val i fleire år, men diverre ikkje gjort noko med. Det er berre politikarane som kan endre det her, dei som har verktøya.

Forslag:

1. Gi differensiert landbruksfrådrag utan tak med % av overskot. Sjå på om ikkje landbruk ENK samla sett kjem betre ut over tid ved å kunne avsette overskot i fond – staten vil få avkastninga i lønnsame bedrifter litt fram i tid og sikra matproduksjon på basis av motiverte bønder med fokus på produksjon eller enn bønder som ser til andre inntektskjelder for å komme seg ut av næringa.
2. Differensiere tiltak for ulike produksjonar, likheitsprinsippet for skatt i landbruket vil alltid sette produksjonane opp mot kvarandre og gjere at ein fot til ei kvar tid har problem.
3. Fondsavsetning for bruk med overskot – må innførast umiddelbart, minst 5 år. Legger ein ned må fondet avviklast innan 3 år og skatt betalast. Bruk med underskot må sjåast på isolert sett, avdekke deira utfordringar. Nedskrivingsreglar vurdert som tiltak.
4. Dekningsbidraget til bonden bør reknast ut i staden for volum åleine. Dekningsbidrag pr årskyr kan variere mykje frå år til år, 3 kyr ut av ei besetning med 16 kry når kapasitet i fjøset er 16 så har ikkje bonden anledning til å drifte godt nok før investeringar. Kan han kompensereast for volumberekningar i driftsplanen og ekstra frådrag/framførbar skatt/fondsavsetning til år med investeringar og underskot. Skatt som vert utrekna over fleire år og ikkje kvart år. Sjå i samanheng med punkt to.
5. Faste kostnader er for store variasjonar i til å kunne målcast ved referansesamanlikningar. Pandemien no har også vist dette for andre næringar. Der volumproduksjonar har hatt høge faste kostnader har små selskap nesten ikkje fått noko kompensasjon fordi det er arbeidsinnsatsen som gir inntektene. Dette er også slik i jordbruket. Dei faste kostnadane i volumproduksjonen gjer at overskota kan variere mykje – då vert risikoen stor – så kunne

behalde kapital internt i drifta, evna til å bygge kapital utan å bli skatta som ENK selskap vil då vere ein fordel slik som AS har anledning til.

Beitebruket – til slutt eit sukk, norske kyr og norsk mjølk bør få tilgang til mest mogeleg gras og grasareal, beiter og tid på beite der det er mogeleg. Dette har vore bærebjelken i norsk mjølkeproduksjon i alle tider. Paradoksalt nok kan lausdriftskravet tvinge all norsk mjølkeproduksjon inn i hallar for godt. Det bør vi tørre å ta eit oppgjør med – men det er ei frykt no for at det faktisk vil vere ein realitet. Difor vil konklusjonen til inntektsutvalet også ha denne faktoren hengande over seg. Matvarer av mjølk, korn og kjøt i Norge bør kunne bestå av bruk av utmarka så vel som innmarka. Tørrperioden til kyra bør få vere i utmarka – men bonden blir av økonomiske og tidsmessige årsaker indirekte tvinga til å la ho gå minst mogeleg på beite. Var det dette som var målet?

Verdien av beiting og foreiningar kyra hentar sjølv bør få mykje høgare verdi i åra som kjem. Klarer vi å gi denne verdien ein inntektseffekt? Det let seg ikkje gjere å verdsette dette i dagens inntektsmåling. Gjere noko med det.

Lenker til relevant stoff:

Mandatet til utvalet:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/c3e808305be74694ae5f2c1541dda30c/mandat-inntektsutvalget.pdf>

Høringsnotatet til regjeringa 2016:

https://www.regjeringen.no/contentassets/50bb043dfdf46e7be85d9864b58227b/notat_landbruksbeskatning.pdf?fbclid=IwAR0TPRDikIAvhBI9W9ufdqXZ_LlxA3fak9nkEcRqwMCM3xbfJHYHktVoYzc

Norges Bondelag sitt høyringssvar i 2016:

[file:///C:/Users/audsle/Downloads/H%C3%83%C2%B8ring_skatteordninger%20i%20landbruket_Norges%20Bondelag_030616%20\(1\).pdf](file:///C:/Users/audsle/Downloads/H%C3%83%C2%B8ring_skatteordninger%20i%20landbruket_Norges%20Bondelag_030616%20(1).pdf)

Artikkel som belyser kor viktig jordbruksfrådraget er for skattebyrden til bonden, for heiltidsbonden blir dette lite overskot over 350 000 blir alt skatta som personinntekt (toppskatt).

<https://www.landkredittbank.no/blogg/2019/storre-effekt-av-jordbruksfradraget/>

Bondelagets innspel til skatteutvalget – viktig

<https://www.bondelaget.no/for-bonden/okonomi-og-skatt/skatt-og-avgift/innspill-til-skatteutvalget-fra-norges-bondelag>

Tal kyr i bås fjøs 2019:

<https://www.nibio.no/nyheter/fra-basfjos-til-lausdrift-kva-vil-det-koste>

Utarbeida av

Aud Slettehaug

Mjølkeproduksjon 16 årskyr Naustdal ,

Dagleg leiar Kompetansenettverk Lokalmat Vest ved Sogn Jord- og Hagebruksskule

CV

NHH 2005, MBA: Executive MBA i Merkevarerledelse,

BI 2002, Etter utdanning: Kurs i styrekompetanse

Høgskulen i Sogn og Fjordane 1999 – 2000, Lokalhistorie

University of Oregon, USA, 1997-1999

Grad: Bachelor of Science in Business Administration. www.uoregon.edu

Sports Marketing og International Business Communication

Høgskulen i Sogn og Fjordane, 1996 – 1997, Engelsk grunnfag:

Høgskulen i Sogn og Fjordane, 1994 – 1996, økonomi og administrasjon